

Dobbelt så mange gjestebåtar

10.07.2009



Blir dette ei storhelg med omsyn til gjestebåtbesøk? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Båthamnane våre blir stadig meir populære. Tala som leiar for Uskedal Båtlag si hamn kjem med er til dømes svært oppmuntrande:

I første halvår 2009 var 420 gjestebåtar innom og det er rundt rekna dobbelt så mange som i første halvår 2008, meldar Rolf Myklebust.

Det tilsvarande talet då var 220.

- Dette er svært gledelege tal. Ein del av auken kan forklarast med at påska låg gunstigare til påi kalendaren i år enn i fjar, men det forklarar slett ikkje alt, seier Myklebust.

Han legg vekt på at Uskedal-hamnane har fått mykje rosande omtale i det siste.

Men det er no i juli det verkeleg skal ta av og kanskje skjer det no i helga. I dei ni første dagane av denne månaden har 131 båtar vore innom og her er tala: 4-8-26-23-15-17-15-16-7.

Av dei ialt 1.150 gjestebåtane som besøkte Uskedalen i fjar var 750 innom i juli.

Av Ola Matti Mathisen